Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58

# Vekeplan for 2. steg
# veke 36

| | | MÅNDAG 4/9 | TYSDAG 5/9 | ONSDAG 6/9 | TORSDAG 7/9 | FREDAG 8/9 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 08.50-09.35 | **Norsk** | **Kroppsøving**  | **Matte** | **Matte** | **Uteskule** Tur til Aneflaten  |
| 2 | 09.35-10.20 | **Engelsk** | | **Stasjonar**  | **Tema:** Vi vel   | |
| 3 | 10.35-11.30 | **Skulen les** | **Norsk** | | | |
| 4 | 12.00-12.45 | **Tema:** **Vi vel**   | **Kunst og handverk**  | | **Fellessamling 1.-7.steg** | |
| 5 | 12.45-13.30 | | | | **Tema:** Vi vel | |
| 6 | 13.45-14.30 | | | | | |

| **LEKSER:**  | **TIL TYSDAG:** | **TIL ONSDAG:** | **TIL TORSDAG:** | **TIL FREDAG:** |
|---|---|---|---|---|
| | Ver med å pakke gymsekken. Du treng gode klede å vera i aktivitet med, såpe og handklede. | | | Ta gjerne med ei drikkeflaske som du kan ha på aktivitetsdagen. |

**Vekelekse:**
Hei foreldre/føresette! Denne veka ynskjer vi oss at ein vaksen les høgt for barnet i om lag 15 minutt kvar dag. Me arbeider med leseglede, så finn gjerne ei bok som handlar om noko de finn spennande eller kjekt. 😊

| **Norsk øveord:** | **Matematikk øveord:** | **English:** |
|---|---|---|
| Val | Tiarven | Family |
| Valdag | Einarar | Mum |
| Parti | Tiarar | Dad |
| Demokrati | Addisjon | Brother |
| Fleirtal | Subtraksjon | Sister |
| | | Children |

Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm: 57 65 26 13
Telefon SFO: 99 57 88 58

| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | Kunne alfabetet, kunne bruke store og små bokstavar på rett plass |
| Matematikk | Repetisjon tala 0-20 |
| Engelsk | Meet my family |
| Kroppsøving | Orientering, leik og samspel i variert terreng, leik med ball |
| Tema | I veke 36 – 42 arbeider me med temaet **Vi vel** i faga engelsk, musikk, kunst og handverk, KRLE, naturfag, samfunnsfag og i nokre av norsktimane. |
| | |



## Meldingar til heimen

Vi er no ferdig med sosialvekene, og går meir inn i ordinære skuledagar med «vi vel» som periodetema. Ny periodeplan gir dykk ein grovoversikt over dei 6 neste skulevekene. Legg spesielt merke til annleisdagar som er lagt inn i perioden.

Denne veka startar vi med kroppsøving ute. Elevane skal byta og dusja i garderobane på skulen. Vi ynskjer at borna er med på å pakka gymsekken sin dagen før. Dette av di dei vert meir sjølvstendige, samt kjenner att sitt utstyr i garderoben. Det vert ikkje tid til å dusje håret her på skulen. Ein «kattevask» held i massevis. 😉

Stine skal på studie torsdag og fredag denne veka. Siv Jane går difor inn desse dagane. Pass difor på at de set opp begge kontaktlærarane i meldingsgruppa om de skal gi oss beskjedar.

Det vert foreldremøte onsdag 20.september kl. 17.00. Fint om de set av tid til å delta på dette i kalendaren dykkar. Eiga innkalling kjem i Visma i veke 27.

Det er viktig at de registrerer eventuelle time- eller heildagsfråvær på Visma. Alle dagar må registrerast, sjølv om det er samanhengande fråvær. Ta kontakt med oss viss de ikkje får dette til. Andre meldingar, informasjon eller spørsmål kan og sendast på Visma til kontaktlærarar. Ein av oss er på skulen kvar dag. Både fråvær og beskjedar må koma før kl. 08.30 for å sikre at meldingane vert lest før vi reiser ut på relasjonsvakt.

Det er fint om de fyller opp korger med klede og utstyr som passar årstida. NB! Hugs innesko 😊
Det er lurt å merke både klede og sko tydeleg med namn slik at elevane kjenner att utstyret sitt.

**Ynskjer dykk ei fin veke!** 😉
**Stine og Siv Jane**



Siv Jane Tufte Mardal
siv.jane.tufte.mardal@sogndal.kommune.no
Mobil: 95 08 99 43

Stine Mundal Aase
stine.mundal.aase@sogndal.kommune.no
Mobil: 93 26 51 18